

## Nye vedtekter for skulefritidsordninga(SFO) i Granvin

### **Vedtekter:**

#### **Lovverk:**

Skulefritidsordninga(SFO) skal drivast i samsvar med opplæringslova § 13 -7.

#### **Eigartilhøve:**

SFO i Granvin er kommunal og skal drivast i samsvar med gjeldande lover, føresegner og kommunale vedtak.

#### **Mål:**

Skulefritidsordninga skal gje elevar i 1. – 4. klasse eit trygt og utviklande fritids- og omsorgstilbod i tilknytning til skulen. For born med særskilde behov, kan tilbodet utvidast til 7. klasse.

#### **Innhald:**

Når det gjeld innhald i SFO skal ein ta utgangspunkt i elevane sin trong for oppleving, leik og omsorg, og det skal fremja sosial læring. Fysisk aktivitet gjennom frileik, oppleving og undring knytt til natur- og uteområde skal vera ein viktig del av dagen. Av kulturaktivitetar vil det vera naturleg å trekkja inn kulturskule og frivillige lag alt etter kva tilbod som finst.

#### **Opptak:**

- Søknad: Søknad om opptak vert skriven på eige skjema. Opptak vert kunngjort ved skriv til foreldra og på heimesida til heradet: [www.granvin.kommune.no](http://www.granvin.kommune.no)
- Søknadsfrist 1. mars.
- Førerett til opptak i prioritert rekkjefølgje:
  1. Born med særskilde behov i 1. – 7. klasse
  2. Yngre born går føre eldre
  3. Born av einslege forsørgjarar
- Opptak utanom søknadsfristen kan vurderast dersom ressursituasjonen gjer det mogleg.
- Vedtaksbrev vert sendt foreldre/føresette med opplysning og pris for SFO.

#### **Oppseiing av plass:**

Oppseiing av plass i SFO vert sett i kraft 2 - to - månader frå den dato Granvin herad har motteke skriftleg oppseiing. Ved oppseiing etter 1. april, må det betalast for resten av driftsåret.

#### **Foreldrebetaling:**

- Satsane for foreldrebetaling i SFO vert vedtekne av Granvin heradsstyre. Dei føresette får tilsendt utfylt rekning med forfall 25. i kvar månad.
- Det vert gjeve syskenrabatt med 50 %.

#### **Foreldrebetaling ved sjukdom:**

- Ved endring i livssituasjon som følgje av uføresett permittering/arbeidsløyse hjå føresette.
- Ved anna brå endring i barnet sin livssituasjon.

Permisjon etter desse vilkåra vert gjeven etter skriftleg søknad frå føresette. Permisjonen gjeld frå den 1. i månaden etter søknad er motteken.

### **Rom/inventar/utstyr:**

SFO har sin eigen base med tilgang til kjøkken. Elles nyttar SFO rom, inventar og utstyr i sambruk med skulen. Det same gjeld skulen sitt uteområde.

### **Opningstider:**

SFO er open mellom kl. 07:30 og kl. 16:30 alle dagar det er skule. På planleggingsdagar, fridagar og i feriar er SFO stengd.

- Før skuletid: Dersom ei gruppe på minst 3 ønskjer det, kan SFO vera open frå kl. 0730 om morgonen. Dette vert bestemt etter at opptaket er gjort 1. mars.
- Etter skuletid: Dersom ei gruppe på minst 3 ønskjer det, kan SFO vera open til kl. 16:30 om ettermiddagen. Dette vert bestemt etter at opptaket er gjort 1. mars.

### **Organisasjon/styring/bemanning:**

SFO skal ta utgangspunkt i elevane sine spesielle behov og vera prega av kvalitet og tryggleik. Heradet har ansvaret for å skapa gode rammevilkår for skulefritidsordninga, dvs. retningslinjer for organisering og råmer for drifta.

Rådmannen<sup>1</sup> har det overordna pedagogiske, administrative og økonomiske ansvaret for skulefritidsordninga. SFO skal i tillegg ha ein leiar med ansvar for den daglege aktiviteten for borna. Tid til leiing/planlegging er avhengig av ut kor mange born det er på SFO.

Normalt skal SFO bemannast med ein barne- og ungdomsarbeidar opp til og med 12 elevar. Opptaket til SFO pr. 1. mars vert retningsgjevande for personaltrongen.

### **Tilsetjing, teieplikt:**

- Politiattest skal innleverast for dei som arbeider ved SFO(jf opplæringslova § 10-9).
- Teieplikt – dei tilsette i SFO, administrasjonen og medlemene i samarbeidsutvalet(SU) har teieplikt om alle personopplysningar dei får i samband med stilling/verv (Forvaltningslova § 13).

### **Økonomisk ansvar:**

SFO er ei frivillig ordning som vert finansiert ved foreldrebetaling og kommunale midlar. Ordninga skal først og fremst tena utarbeidande foreldre med behov for tilsyn med borna før og etter skuletid. Det er difor i dei føresette si interesse at SFO vert prega av kvalitet og tryggleik.

### **Endring av vedtektene:**

Administrasjonen kan gjera mindre endringar i vedtektene. I slike høve skal endringar drøftast med SU på førehand. Endringar som medfører endra rammer og/eller økonomiske konsekvensar, skal avgjerast av heradstyret.

### **Tilsyn:**

Fylkesmannen er tilsynsmynde for grunnskulen, og såleis også for SFO.

Nye vedtekter for SFO - vedtekne i Granvin heradstyret 28.09.2016 sak 050/16

---

<sup>1</sup> Vedtekter vedtatt av heradstyret er å rekne som ein delegasjon, heradstyret kan berre delegere til rådmann, Rådmannen delegerer administrativt til rektor.